

# Påske- program 2020

Vel møtt til ei innholdsrik og  
triveleg påske på Bessheim!

Helsing Bjørn og Kari



# Bessheim

FJELLSTUE & HYTTER

[www.bessheim.no](http://www.bessheim.no)  
post@bessheim.no eller  
telefon 61 23 89 13

## Quiz SUNDAG 5. APRIL

Vi arrangerer quiz i peisstugu kl 20.30. Meld på lag i resepsjonen før klokka 20.00.

## Bingo TYSDAG 5. APRIL

Bingoverten rullar i gang kulene klokka 20.00 i peisstugu. Meld deg på i resepsjonen før klokka 18.00. Passar for barn.

## Besøk av Bertil & Martens TYSDAG 6. APRIL

Middagsbuffet med lokale smakar og tranchering av lam. Dessertbord. Den lokale vinimportøren Bertel & Martens frå Otta presenterer eit utval av vinane sine under måltidet.

Gjestene kan gå til bords mellom kl. 18.30 og 20.30.

Middag kr. 420,- Halv pris for barn mellom 3 og 12 år.

Vin kjem utanom. Hugs å bestille bord på førehand.

## Foredrag om Kristen Holbø ONSDAG 7. APRIL

Anne Holbø Wendelbo fortel om bestefar sin, målaren Kristen Holbø (1869-1953). Han vaks opp i Vågå. Kåseriet handlar om Kristen Holbø og maleria hans med motiv fra Sjudalen og Jotunheimen. Hjalmar Haalke skriv i forord i katalogen i samband med utstillinga i Stockholm i 1940: "Allerede fra sine tidlige ungdomsår var det fjeldet som kom til å interessere Kristen Holbø sterkest, og det har han malt gjennom alle år og stadig søkt å trenge lenger inn på. Han er fjeldet!" Anne har mastergrad i kunsthistorie om Kristen Holbø.

I peisstugu klokka 20.30.

## Familietur med besøk av rein TORSDAG 9. APRIL

Reinsgjetarane Jørn Slettom og Ola Vaagaasarøygard har bål plass ikkje langt frå Bessheim saman med reinane Iver og Nils. Vi går på ski eller truger dit. Det blir bål med varm saft og pølsegrilling. Dei vil fortelja litt om reinen, drifta i Vågå Tamrein AS og det å arbeide som reingsgjetar. Du kan prøve å kaste lasso. Passar for både barn og vaksne.

Oppmøte i resepsjonen klokka 11.00.

Kr. 40,- per person for deg som ikkje er overnattingsgjest

## Foredrag med Arne Brimi TORSDAG 9. APRIL

Den kjende kokken Arne Brimi kjem denne kvelden og held foredrag om livet som kokk i Jotunheimen og matfilosofien sin. Bessheim er opprinneleg seter til garden Nordgard Storvik i Vågå, og som mange andre frå grenda tok han seg sommararbeid her som ungdom. I 1987 var Arne den fyrste norske kokken som deltok i Bocuse d'Or, VM i kokkekunst i Lyon. Arne driv i dag matstaden Vianvang i Vågå og er ofte å treffe på restauranten Brimibue i Lom.

I peisstugu klokka 20.30.

## Breturen - ein spennande og krevjande skitur

FREDAG 10. APRIL

Langfredag vil Jon Sjurgard vera turleiar på den klassiske "Breturen". Turen er omlag 50 km og om lag 1550 høgdemeter. Start og slutt på Bessheim. Turen går frå Bessheim, opp til Bessvatnet og vidare etter den kvista ruta til Glitterheim, heilt til ein kjem til Blåtjønnodden midt på Russvatnet. Vidare frå der går ein opp til Blåtjønnholet og inn til Styggehøbrean, der ein kjem inn på kvista rute mellom Glitterheim og Memurubu. Ein fylgjer denne kvista ruta til Memurubu. Når ein er i Styggehøbreskardet er det berre 15-20 minutt oppå Søre Veotinden, så det er naturleg å ta med den. Heimatt frå Memurubu fylgjer ein isen etter Gjende fram til Gjendesheim. Siste etappe går i skiløypa til Bessheim. Denne turen er ikkje for alle, men ein fin skitur

# Påske- program 2020



**Bessheim**

FJELLSTUE & HYTTER

[www.bessheim.no](http://www.bessheim.no)

[post@bessheim.no](mailto:post@bessheim.no) eller  
telefon 61 23 89 13

Med atterhald om endringar.

for dei som er i form til å gå ein skitur på omlag 12 timar. Dei som melder seg på må ha skikkeleg utstyr og ha erfaring frå lange skiturar i fjellet. Utstyrsliste: gode og varme turklede, ullundertøy, vindtette ytterklede, dunjakke med hette, varme vottar med vindtrekk over, vindtett og varm lue, solbriller, drikke, stor nok niste, fjellski, skismurning, feller og sitjeunderlag. Jon er ein ivrig fjellkar som er veldig godt kjent i Jotunheimen. Føresetnaden for at det blir tur er å ha fint vær, bra føre og trygg is på Gjende. Etter turen blir det servert kongepjolter. Dette var tradisjon etter lange turar før.

Prisen er kr. 800,- per person.

Påmelding innan onsdag 28. mars på tlf. 612 38 913 eller [post@bessheim.no](mailto:post@bessheim.no)

## Quiz FREDAG 10. APRIL

Vi arrangerer quiz i peisstugu kl. 20.30. Meld på lag i resepsjonen før kl. 20.00

## Sledetur med reinane Iver og Nils LAURDAG 11. APRIL

Reinsgjetarane i Vågå Tamrein, Jørn Slettom og Ola Vaagaasarøygard, stiller med reinane Iver og Nils og slede. Du såg dei kanskje i NRK-serien «Gjeterar i Jotunheimen»? Bli med og kjør ei lita runde på isen på Øvre Sjudalsvatnet! Passar for barn. Møt opp kva tid du vil frå klokka 11.00 til klokka 14.00. Kroner 100,- per person.

## Påskeskienn og hoppkonkurranse

LAURDAG 20. APRIL KL. 13.00

Tradisjonen tru vert det også i år arrangert påskeskienn og hoppkonkurranse. Ungar og vaksne kan få enkel ansiktsmåling frå kl. 12.00. Kle deg gjerne ut! Påmelding i resepsjonen innan klokka 11.00. Grilling av pølser og varm saft.

## Påskeskjeldsfeiring LAURDAG 20. APRIL

Vi serverer treretters middag klokka 19.00. Den lokale gruppa Bygdafolk spelar til dans og lagar god stemning utover kvelden! Middag og fest for dei som ikkje har halvpensjon kostar 480 kroner per person. Halv pris for barn mellom 3 og 12 år. Bestilling i resepsjonen, på telefon 61 23 89 13 eller på e-post ([post@bessheim.no](mailto:post@bessheim.no)) innan klokka 22.00 kvelden før.

## ISFISKING

Mange brukar påskedagane her i Sjudalen på isfisking. Du har mange gode fiskevatn og velja i mellom. Øvre og nedre Sjudalsvatn, Gjendeosen og nedre Leirungen er dei mest populære. Det er fin fjellaure i desse vatna. Du må ta med utstyr sjølv. Barn under 16 år fiskar gratis og dei vaksne kan kjøpe fiskekort anten i resepsjonen eller på Vågå Fjellstyre sine fine heimesider: [www.vaga-fjellstyre.no](http://www.vaga-fjellstyre.no)

## GUIDA SKITURAR MED GJENDEGUIDEN

Dersom du vil vera med på ein guida skitur i påska må du prøve Gjendeguiden! Bak Gjendeguiden står ein lokal, triveleg gjeng som har lyst til å vise deg godbitane i Jotunheimen. Dei har alle brei og lang erfaring innan ulike formar for friluftsliv, og dei kjenner mange av fjella kring Bessheim like godt som si eiga lomme. På tur med Gjendeguiden går du ikkje etter klokka, men etter sola og været. Dei puttar sjokoladen, termosene og tryggingsutstyret i sekken og ruslar av garde medan praten går. For meir informasjon, ta ein titt på [facebook](https://www.facebook.com/gjendeguiden)sida eller på heimesida deira: [www.gjendeguiden.no](http://www.gjendeguiden.no)

## HUNDEKJØRING I HØGFJELLET

På Sjudalen Hyttetun, 18 km nord for Bessheim, er det hundekjøring i palmehelga, skjærtorsdag, langfredag og 1. og 2. påskedag. Sjå [www.sjudalenhyttetun.no](http://www.sjudalenhyttetun.no) for meir informasjon.